



Uttale frå Kyrkjemøtet 2018

Ver gjestmild!

Jesus var ein flyktning. Han er framand, svolten, tørst og på flukt. I vår verd. No.

Medan vi i Noreg nyleg har feira påske og nyt vårsola, utspeler det seg grufulle scener i Syria. 12 000 born er døde i krigen. 22 millionar born er på flukt frå krig og konflikt verda rundt. Dei er frå Syria, Jemen, Sør-Sudan, DR Kongo, Afghanistan og mange andre stadar. 65 millionar er på flukt i vår verd i dag. Det er det høgste talet sidan andre verdskrig. Menneske flyktar frå krig, forfølgjing, fattigdom og klimakatastrofar.

Europa er lamme av aukande framandfrykt. Det vert sett opp gjerder. Dei fleste kjem seg ikkje vidare. Redde og slitne vert dei drivne frå skanse til skanse. Flyktningkrisa er ikkje i Noreg. Vi tok imot ca. 3000 kvoteflykingar i fjor. Flyktningane kjem til Hellas, Italia, Libanon, Uganda og andre naboland til dei konfliktfylte områda.

Mange kyrkjelydar i Europa og i Noreg har dei siste åra synt nestekjærleik og skapt trygge møteplassar for menneske på flukt. Kristentrua vert både styrka og utfordra gjennom desse møta. Mange tek og opp kampen for flyktningane sine rettar, som det livsviktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp i Syria, Sør-Sudan og fleire andre land. Gjennom Det lutherske verdsforbund støttar kyrkja årleg nær 3 millionar flyktningar. Vi er del av verda og vi må ta vår del av ansvaret for menneske som lid, sjølv om det kan koste. Kyrkja er ei håpsrørsle. Ho skal vere ei protestrørsle mot urett. Det er mange som er redde, men den oppstadne Jesus sa til læresveinane: Vær ikkje redde! Fatt mot!

I ei verd der mange lid svarar vi ikkje ved å distansere oss frå lidingane og byggje murar. Kyrkja kan ikkje leve med det!

Derfor seier vi til folk og kyrkjelydar:

Ver gjestmilde! Ver hendene og røysta til håpet!

Vis mot og engasjement, i lokalsamfunnet og i samfunnsdebatten!

Kjære statsminister:

Ver modig! Ver gjestmild i ord og handling. Sørg for ein flyktning- og asylpolitikk som sømer seg.

Det de gjer mot ein av desse mine minste gjer de mot meg, sa Jesus til oss.

Trondheim, 16. april 2018

Kva er Kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste vedtaksføre organ

Kyrkjemøte, som har medlemar frå dei elleve bispedømeråda, har 116 medlemar

Kyrkjemøtet handsamar saker som gjeld heile Den norske kyrkja

Kyrkjemøtet samlast ordinært ein gong i året